



Teknisk forvaltning

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/626 - 17/4576

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
06.04.2017

Søknad om arealoverføring frå gbnr 98/10 Mellingen til 96/3 Pletten

Saka gjeld :

Eigar av gbnr 98/10 Mellingen søker om å dele frå og selje ein parsell på 8,7 dekar til nabo som grensar til den aktuelle teigen. Arealet på teigen er i Nibio sitt gardskart definert som innmarksbeite og grensar inntil innmarksbeite og overflatedyrka jord på kjøpar sin naboparsell. Naboparsell er totalt 23,5 dekar og består i stor grad av innmark - 16 dekar overflatedyrka jord og 3 dekar innmarksbeite.

Eigedomane :

Gbnr 98/10 er totalt 97,1 dekar og har berre 9,1 dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord. 16,2 dekar innmarksbeite og 63 dekar produktiv skog. Det er våningshus på eigedomen, men ingen driftsbygning som stettar dagens krav til husdyrhald.

Gbnr 96/3,9,22 er totalt 184 dekar. 44,1 dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord. 24,4 dekar innmarksbeite. 97,5 dekar produktiv skog. Det er våningshus på garden og ein relativ stor driftsbygning som tidlegare har vore nytta til mjølkeproduksjon og ungdyr.

Planstatus i kommuneplanen : LNF

Lovverk :

Saka treng ikkje handsamast etter § 9 i i jordlova *Omdisponering*. Dette avdi arealformålet etter delinga er uendra. Det er landbruk. Saka skal derimot handsamast etter § 12 i jordlova *Deling*.

Vurdering :

Den omsøkte delinga og arealoverføringa ivartar jordlovens formål og den styrker driftsgrunnlaget på eit større bruk med langt meir jordbruksareal og betre driftsbygning enn det bruket som ynskjer å selje parsellen. Dette styrker garden til kjøpar sitt driftsgrunnlag for framtida dersom nokon ynskjer å drive garden som ei sjølvstendig eining i framtida.

Vidare vil deling/arealoverføringa gje driftsmessige fordeler med eit større og samanhengande slått- og beiteareal.

Konklusjon :

Det vert gjeve løyve til den omsøkte delinga og arealoverføringa av ein 8,7 dekar stor teig frå gbnr 98/10 til gbnr 96/3 Pletten.

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til den omsøkte delinga av ein 8,7 dekar teig med innmarksbeite frå gbnr 98/10 Mellingen i Radøy kommune. Det vert sett som vilkår for delinga at teigen vert overført til og samanføyd med gbnr 96/3. Vedtaket har heimel i § 12 i jordlova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rune Skudal
Teknisk forvaltning

Slettevegen 751 5939

SLETTA